
Fra: Knut Henanger <knut@henanger.net>
Sendt: onsdag 5. desember 2018 18:43
Til: Marianne Aadland Sandvik
Emne: SV: 10/45 og 22/42
Vedlegg: Utnyttingsgrad Garasje_terrasse.pdf; Signert erklæring .pdf

Hei!

Her er beregning av %-BRA for fremtidig garasje/terrasse. Det blir totalt **34,3** % utnyttning når heile tomtearealet er tatt med i utrekningen. Vedlagt ligg også erklæring frå nabo.

Helsing



Mjåtveitstø 33 A
5918 Frekhaug
Mobnr.: 93081905
E-post: knut@henanger.net

Fra: Marianne Aadland Sandvik [<mailto:marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no>]
Sendt: 5. desember 2018 14:48
Til: Knut Henanger <knut@henanger.net>
Emne: SV: 10/45 og 22/42

Hei

Fint. Ein siste ting, i tillegg til det vi nettopp snakka om på tlf. Sit.kartet viser terrassen 3 meter frå nabogrensa mot 22/98. Kan du sjå om det er mogleg å få erklæring for plassering nærare grensa enn 4 meter? Viss ikkje må det søkjast om dispensasjon for dette også.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak
Meland kommune
e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no



Fra: Knut Henanger [<mailto:knut@henanger.net>]
Sendt: tirsdag 4. desember 2018 19:49
Til: Marianne Aadland Sandvik
Emne: SV: 10/45 og 22/42

Hei!

Vedlagt ligg dispensasjonssøknad og oppdatert skjema for ytre rammer med korrekte opplysningar vedr. BYA/BRA for eksisterande bustad og for nytt tiltak, da eg har gjort nokon feil i tidlegare utrekning av BYA/BRA. Har også lagt med ny utrekninga som viser utnyttingsgraden for omsøkt tiltak. Vedlagt sit. planer for eksisterande bustad og for nytt tiltak inkl. framtidig garasje/terrasse. Eg ser at eg kunne gjort ein betre jobb med søknaden for disp. inkl. sit. planar. Greitt å få konstruktive tilbakemeldingar, slik at ein kan forbetre seg. Gi meg ein melding om dette er ok i forhold til det du etterspurde.

Helsing



Mjåtveitstø 33 A

5918 Frekhaug

Mobnr.: 93081905

E-post: knut@henanger.net

Fra: Marianne Aadland Sandvik [<mailto:marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no>]

Sendt: 3. desember 2018 15:09

Til: Knut Henanger <knut@henanger.net>

Emne: 10/45 og 22/42

Hei

Viser til søknad om tiltak på gbnr. 10/45 og 22/42.

10/45: Godkjenning ligg klar, men eg må få inn situasjonskart som kommunen har skrive ut for deg eller frå nordhordlandskart.no som du skriv ut sjølv. Det som låg vedlagt er altså ikkje tilstrekkeleg.

22/42: Det var vanskelig å sjå klart for seg kva som var eksisterande bygning og kva som var nye tiltak. Du beskriv framtidig garasje og terrasse. Viser desse på teikningane eller er dei berre rekna inn i TU?

Eg må også få svar på følgjande: eksisterande BYA og BRA inkl. 2 parkeringsplasser à 18 m², og ny BYA og BRA inkl. 3 p-plasser à 18 m². I tillegg må 3 p-plasser med mulighet for å snu på eigen grunn visast på situasjonskartet.

Skal disp.søknaden omfatte kommande tiltak må det gå klart fram av søknaden kva tiltak (og BYA/BRA) som ikkje er omfatta av søknaden etter pbl kapittel 20. Hugs at framtidig garasje inneber at det kan trekkjast frå i BYA/BRA for det arealet garasjen skal ha.

Du må gjerne ringe meg om dette var uklart.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik

Juridisk rådgjevar byggjesak

Meland kommune

e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no



Meland kommune
- Eit samfunn for alle -